sft: Informasjon

TA-nummer 2168/2006

Farleg avfall i bil- og billakkeringsverkstader



Alt farleg avfall skal handterast forsvarleg, men nye tal viser at om lag 64 000 tonn farleg avfall er på avvegar. Eitt av verkemidla for å auke mengda som blir samla inn, er å informere bransjane.

På dette infoarket blir det gitt informasjon om korleis bilverkstader og billakkeringsverkstader skal handtere farleg avfall.

Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall har som formål å sikre at farleg avfall blir teke hand om på ein forsvarleg måte.

Leveringsplikt
Farleg avfall skal handterast forsvarleg og ikkje blandast saman med vanleg avfall.
Farleg avfall som oppstår i verksemda, skal leverast til ein innsamlar eller eit mottaksanlegg som har løyve til å handtere farleg avfall. Det farlege avfallet skal leverast minst éin gong per år.
Ta kontakt med Norsk forening for farlig avfall (NFFA) for å få vite kven som samlar inn farleg avfall.

Deklarasjonsplikt
Når ein skal levere farleg avfall, skal verksemda fylle ut eit deklarasjonsskjema som er godkjent av Statens forureiningstilsyn.
Skjemaet får du ved å vende deg til Norsas, www.norsas.no eller telefon 21 00 94 50.
Skjemaet er òg å få ved dei fleste avfallsmottak.
På deklarasjonsskjemaet skal EAL-koden og avfallsstoffnummeret for avfallet oppgivast. Det utfylte deklarasjonsskjemaet følgjer det farlege avfallet ved vidare transport. Verksemda beheld ein kopi som dokumentasjon på at farleg avfall er levert i samsvar med forskrifta.

Merking og emballering
Farleg avfall skal emballerast slik at det kan lagrast og transporterast. Emballasjen skal merkjast tydeleg med løpenummeret på deklarasjonsskjemaet.
Merkinga må tole fysiske og klimatiske påverknader.

Europeisk avfallsliste – EAL
Den europeiske avfallslista (EAL) er ei liste over avfall som er felles for heile EØS-området. EAL er bygd opp slik at avfallstypane er sorterte etter prosessar som fører til at avfallet oppstår. Det gjer at avfallet må klassifiserast på ein bestemt måte.
For å få ei einsarta og korrekt behandling av det farlege avfallet er det viktig at dette systemet blir nøye følgt. Nedst på arket har vi oppgitt dei viktigaste EAL-kodane for farleg avfall som oppstår i bilverkstader. Det finst fleire EAL-kodar i vedlegg 1 til kapittel 11 i avfallsforskrifta.

Rettleiarar
For å gjere arbeidet med handtering av farleg avfall lettare for dei som jobbar med dette, er det utarbeidd fleire rettleiarar.
SFT og Norsk forening for farlig avfall (NFFA) har utarbeidd ein rettleiar om handtering av farleg avfall som gir meir informasjon om dei mest sentrale tema. Denne rettleiaren ligg tilgjengeleg på heimesidene til SFT. Søk opp publikasjon TA-2023.
Norsas har utarbeidd ein rettleiar om innlevering og deklarering av farleg avfall. Denne rettleiaren kan tingast frå Norsas, www.norsas.no.

Regelhjelp
www.regelhjelp.no er ei nettside som gjer det lettare for verksemder å finne fram i regelverk som gjeld på ureiningsområdet.
Vedlikehald og reparasjon av motorvogner er teke med på denne nettsida.
Nettsida gir også oversikt over kva krav som blir stilte til dei aktuelle bransjane når det gjeld arbeidsmiljø, brann- og eksplosjonsvern, elektriske anlegg og elektrisk utstyr, industrivern, internkontroll, mattryggleik og produkttryggleik.

Statens forureiningstilsyn
Postboks 8100 Dep,
N-0032 Oslo

Telefon: +47 22 57 34 00
Telefaks: +47 22 67 67 06
E-post: postmottak@sft.no
Internett: www.sft.no

Tinging:
www.sft.no/skjema.html

Dei mest vanlege typane av farleg avfall frå bilverkstader og billakkeringsverkstader (lista er ikkje uttømmande):

EAL-kode 14 06 03: Andre løysemiddel og løysemiddelblandingar (døme: destillasjonsrestar)
Avfallsstoffnr. 7152: Organisk avfall utan halogen
EAL-kode 16 01 13: Bremsevæske
EAL-kode 16 01 14: Frostvæske som inneheld farlege stoff
Avfallsstoffnr. 7042: Organiske løysemiddel utan halogen (< 0,5 % halogen)
EAL-kode 16 01 07: Oljefilter
Avfallsstoffnr. 7024: Oljefilter
EAL-kode 16 01 08: Kvikksølvhaldige komponentar (døme: lyskjelder, vippe- og nivåbrytarar, barometer, termometer)
Avfallsstoffnr. 7081: Kvikksølvhaldig avfall
EAL-kode 16 01 09: PCB-haldige komponentar (døme: isolerglasruter frå før 1975, kondensatorar frå før 1980, lysstoffarmaturar frå før 1980 (buss))
Avfallsstoffnr. 7210: PCB og PCT-haldig avfall
EAL-kode 16 01 11: Bremsebelegg som inneheld asbest
Avfallsstoffnr. 7250: Asbest
EAL-kode 16 06 01: Blybatteri
Avfallsstoffnr. 7092: Blyakkumulatorar

Avfall frå oljar og flytande brensel:

EAL-kode 13 02 04: Mineralbaserte klorerte motoroljar, giroljar og smørjeoljar
EAL-kode 13 02 05: Mineralbaserte ikkje-klorerte motoroljar, giroljar og smørjeoljar
EAL-kode 13 02 06: Syntetiske motoroljar, giroljar og smørjeoljar
EAL-kode 13 02 07: Biologisk lett nedbrytbare motoroljar, giroljar og smørjeoljar
EAL-kode 13 02 08: Andre motoroljar, giroljar og smørjeoljar
Avfallsstoffnr. 7011: Spillolje, gir rett til refusjon
Avfallsstoffnr. 7012: Spillolje, gir ikkje rett til refusjon
EAL-kode 13 05 03: Slam frå oljeutskiljarar
EAL-kode 15 02 02: Adsorbentar, filtreringsmateriale (medrekna oljefilter som ikkje er spesifisert andre stader), tørkeklutar og verneklede som er tilgrisa med farlege stoff
Avfallsstoffnr. 7022: Masse ureina av olje
EAL-kode 13 07 01: Fyringsolje og dieselolje
EAL-kode 13 07 02: Bensin
EAL-kode 13 07 03: Anna brensel (medrekna blandingar)
Avfallsstoffnr. 7023: Drivstoff og fyringsolje

Måling, lim, lakk og liknande:

EAL-kode 08 01 11: Måling og lakkavfall som inneheld organiske løysemiddel eller andre farlege stoff
EAL-kode 08 01 17: Avfall frå fjerning av målingar eller lakkar som inneheld organiske løysemiddel eller andre farlege stoff
EAL-kode 08 01 19: Vasshaldige suspensjonar som inneheld målingar eller lakkar som inneheld organiske løysemiddel eller andre farlege stoff
EAL-kode 08 01 21: Avfall etter fjerning av måling eller lakk
EAL-kode 08 04 09: Avfall av limemiddel og tettingsmasse som inneheld organiske løysemiddel eller andre farlege stoff
EAL-kode 08 04 11: Slam av limemiddel og tettingsmasse som inneheld organiske løysemiddel eller andre farlege stoff
EAL-kode 08 04 13: Vasshaldig slam som inneheld limemiddel eller tettingsmasse som inneheld organiske løysemiddel eller andre farlege stoff
EAL-kode 08 04 15: Vasshaldig flytande avfall som inneheld limemiddel eller tettingsmasse som inneheld organiske løysemiddel eller andre farlege stoff
EAL-kode 08 04 17: Harpiksolje (epoxy-residue)
EAL-kode 16 05 04: Sprayboksar

Avfallsstoffnr. 7051: Måling, lim, lakk m.m., løysemiddelbasert
Avfallsstoffnr. 7052: Residue for 2-komponentmåling, -lim og -lakk
Avfallsstoffnr. 7123: Herdarar

Andre vanlege typar av farleg avfall:

EAL-kode 20 01 21: Lysstoffrør og anna kvikksølvhaldig avfall

Statens forureiningstilsyn
Postboks 8100 Dep,
N-0032 Oslo

Telefon: +47 22 57 34 00
Telefaks: +47 22 67 67 06
E-post: postmottak@sft.no
Internett: www.sft.no

Tinging:
www.sft.no/skjema.html

Meir informasjon
I samarbeid med mellom anna foreininga for billakkleverandørane har GRIP utvikla ein CD-rom som tek for seg korleis ein skal handtere farleg avfall etter billakkering på ein måte som både er lønnsam og bra for miljøet. Ta kontakt med GRIP, www.grip.no/Malingoglakk

For meir informasjon:

Statens forureiningstilsyn, www.sft.no, tlf. 22 57 34 00

Fylkesmannen, www.fylkesmannen.no

Miljøstatus i Noreg, http://www.miljostatus.no

Norsas, www.norsas.no, tlf. 21 00 94 50

Norsk forening for farlig avfall, www.nffa.no, tlf. 23 08 78 40

Norsk Renholdsverksforening, www.nrfo.no, tlf. 24 14 66 00

Retursamarbeidet LOOP, www.loop.no, tlf. 24 13 19 30

Lovdata, www.lovdata.no